



Innst. O. nr. 114

(2004-2005)

Innstilling til Odelstinget frå sosialkomiteen

Ot.prp. nr. 87 (2004-2005)

Innstilling frå sosialkomiteen om lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fyl- keskommunar for menneske med nedsett funk- sjonsevne m.m.

Til Odelstinget

SAMANDRAG

Det blir vist til at Stortinget ved handsaminga av St.meld. nr. 40 (2002-2003) - Nedbygging av funksjonshemmende barrierer - gjorde vedtak om å be Regjeringa kome attende til Stortinget med eit forslag om lovfesting av kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne i løpet av 2004, jf. Innst. S. nr. 162 (2003-2004).

I proposisjonen legg Regjeringa fram eit lovfor-
slag om dette. Formålet med lova er at menneske med
nedsett funksjonsevne skal sikrast open, brei og til-
gjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er
særleg viktige for dei.

Om lag halvparten av kommunane og dei fleste
fylkeskommunane har etter oppfordring frå departe-
mentet på frivillig basis oppretta råd for funksjons-
hemma.

Innanfor organisasjonar for funksjonshemma har
det lenge vore eit ønske at råda for funksjonshemma
skal lovfestast, slik tilfellet er for eldreråda. I NOU
2001:22 Fra bruker til borger - foreslo fleirtalet lov-
festing av medverknadsarenaer, men ikkje nødven-
digvis råd. Eit mindretal, m.a. dei fleste representan-
tane for organisasjonane for funksjonshemma, ønske
te lovfesting av råd.

Det blir gjort greie for handsaminga av dette
spørsmålet i St.meld. nr. 40 (2002-2003) og Innst. S.
nr. 162 (2003-2004).

Arbeids- og sosialdepartementet sende i januar
2005 eit lovutkast ut på høyring med høyringsfrist i
mars 2005.

Om formålet med lova blir det m.a. uttala at det
er departementet si oppfatning at medverknad innan-
for heile det saksområdet som rådet skal dekkje, i stor
grad må skje gjennom at det blir gitt råd og utforma
fråsegner, og at medverknad såleis er meint å vere eit
meir omfattande omgrep enn rådgiving.

Regjeringa meiner at normalordninga bør vere at
alle kommunar og fylkeskommunar har råd for men-
neske med nedsett funksjonsevne, men det blir fore-
slått at kommunane og fylkeskommunane får høve til
å organisere andre representasjonsordningar i staden
for råd. Departementet understrekar at det skal vere
ei formalisert ordning, og at kommunestyret må fast-
setje vedtekter for ordninga.

Departementet foreslår at det skal vere høve til å
velje interkommunale løysingar, men presiserer at
formålsparagrafen i lova klart tilseier at ein bør velje
kommunale løysingar der det er mogleg å få det til.
På denne bakgrunn meiner departementet at det er
lite aktuelt for fylkeskommunane å velje felles ord-
ningar.

Det blir foreslått at det skal vere høve til å ha fel-
les ordningar for menneske med nedsett funksjonsev-
ne og eldre.

Når det gjeld samansetjing av råda, meiner departe-
mentet at representasjon både frå politikarar, admini-
strasjon og organisasjonane er den beste, og at
samansetjinga bør avgjerast i den einskilte kommun-
en og ikkje fastsetjast i lova.

Det blir foreslått at kommunestyra skal vedta
mandat for råda.

Med omsyn til administrative funksjonar ser de-
partementet det som mest naturleg at sekretariatet for
rådet blir knytt til rådmannskontoret, men foreslår
ikkje at tilknytninga skal fastsetjast i lova.

Regjeringa foreslår at lova skal ta til å gjelde frå neste kommunestyreperiode, og foreslår at Kongen fastset den nøyaktige datoen for iverksetjing.

Lova kan føre til at kommunane og fylkeskommunane får nokre meirutgifter til råda. Regjeringa tek sikte på at kommunesektoren skal få kompensasjon for desse meirutgiftene. Kompensasjonsbeløpet vil bli lagt inn i rammetilskotet til kommunane.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Bjarne Håkon Hanssen, Britt Hildeng, Asmund Kristoffersen og Gunn Olsen, frå Høgre, Beate Heieren Hundhammer, Bent Høie og Elisabeth Røbekk Nørve, frå Framstegspartiet, leiaren John I. Alvheim og Harald T. Nesvik, frå Sosialistisk Venstreparti, Olav Gunnar Ballo og Sigbjørn Mølvik, frå Kristeleg Folkeparti, Åse Gunhild Woie Duesund og Per Steinar Osmundnes, og frå Senterpartiet, Ola D. Gløtvold, viser til at ved behandling av St.meld. nr. 40 (2002-2003) - Nedbygging av funksjonshemmede barrierer - bad Stortinget Regjeringa kome tilbake til Stortinget med eit forslag om lovfesting av kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Komiteen registrerer at Regjeringa følgjer opp dette vedtaket i denne proposisjonen.

Komiteen er kjend med at om lag halvparten av kommunane og dei fleste fylkeskommunane etter oppfordring frå Sosialdepartementet har oppretta slike råd for funksjonshemma. Denne erfaringa har vore klart positiv. Det har lenge vore eit ynskje innanfor organisasjonar for funksjonshemma at råda for funksjonshemma skulle lovfestast på lik line med elderråda. Høyringsfråsegnene frå organisasjonane til dei funksjonshemma i samband med behandlinga av St.meld. nr. 40 (2002-2003) var tydelege på eit ynskje om lovfesting.

Komiteen viser til at lovfesting av kommunale råd er i tråd med FN's standardreglar for like vilkår for funksjonshemma og dei forslaga som ligg føre til konvensjon om rettane til funksjonshemma. Komiteen er oppteken av at interessene til dei ulike gruppene med menneske med nedsett funksjonsevne må kunne ivaretakast utan å vere avhengige av sterke pressgrupper som berre ivaretar enkelte sine interesser. Ved å lovfeste brukarmedverknaden i kommunale råd meiner komiteen den reelle medverknaden på avgjerder som har konsekvensar for dei, vil verte monaleg styrka.

Komiteen stiller seg bak departementet sitt forslag til formålsparagraf og meiner at denne er med på å sikre intensjonen med råda. Komiteen under-

strekar at menneske med nedsett funksjonsevne skal sikrast open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for dei. Dette gjeld m.a. tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne.

Komiteen er oppteken av at ein kjem fram til ordningar som gjer at menneske med nedsett funksjonsevne vert høyrde og tekne med på råd. Om denne ordninga blir uforma som eit råd eller på ein anna måte, er for komiteen ikkje det viktigaste. Men komiteen meiner at erfaringane med råd er gode, og reknar difor med at det normale vil vere at kommunane vel denne løysinga.

Komiteen viser til Innst. S. nr. 162 (2003-2004) der ein samla komité uttala:

"Komiteen stiller seg heilt bak Regjeringa sitt ynskje om å styrke brukarmedverknaden på kommunalt nivå for personar med nedsett funksjonsevne og støttar forslaget om å lovfeste brukarrepresentasjon for personar med nedsett funksjonsevne. Komiteen støttar også at kommunane vert gjeve fridom til å velje korleis denne brukarrepresentasjonen skal organiserast, slik at resultatet vert best mogeleg for alle grupper."

Fleirtalet i komiteen, beståande av Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, utdjupa dette med å peike på at dei meinte at kommunale råd var den beste løysinga.

Komiteen stør difor at kommunane skal kunne velje ei anna løysing enn den typen råd som er tilrådd i rundskrivet frå Sosialdepartementet, men understrekar at det uansett skal vere ei formalisert og forpliktande ordning som krev kommunalt fastsette vedtekter. Komiteen stør at alternative ordningar vert kalla representasjonsordningar.

Komiteen viser til at departementet gjennom lovforslaget legg opp til at kommunane skal kunne velje ei anna løysing enn den typen råd som er tilrådd i rundskrivet frå Sosialdepartementet. Føresetnaden er at det er ei formalisert ordning. Komiteen understrekar likevel at hovudregelen skal vere at kvar kommune har eit kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Komiteen meiner at det bør vere høve til å velje interkommunale løysingar. Komiteen vil likevel peike på at det bør vere kommunale løysingar der det er mogeleg å få til. Komiteen ser ikkje felles ordningar mellom fylkeskommunar som aktuelt.

Komiteen understrekar at dersom ei ordning skal fungere godt, så må ho ha legitimitet. Dersom menneske med nedsett funksjonsevne og eldre ikkje opplever å ha sterke nok felles interesser, og dermed ikkje vil medverke til det, så vil ikkje eit felles råd oppfylle formålet med lova. Høyringsfråsegnene indikerer at dette berre unntaksvis vil vere tilfelle. Ko-

miteen ventar at dette vil påverke den einskilde kommunen i deira val av lokale løysingar, men meiner at denne vurderinga samla sett må takast lokalt.

Komiteen sitt fleirtal, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet vil streke under at for å sikre at dei funksjonshemma får medverknad i saker som særleg gjeld denne gruppa, skal det opprettast egne råd eller anna representasjonsordning for personar med nedsett funksjonsevne. Råd for eldre er alt lovfesta og etablert som eit talerør for dei eldre i kommunane. Desse råda har difor eit anna fokus enn eit råd for personar med nedsett funksjonsevne skal ha. Fleirtalet meiner difor at felles råd for funksjonshemma og eldre ikkje er ei ønskeleg løysing, og som berre skal nyttast i reine unntakshøve. Der det av ulike årsaker er vanskeleg å få etablert eit eige råd, kan difor ei interkommunal løysing vere eit betre alternativ.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at den fremlagte proposisjonen om lovfesting av råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. er en oppfølging av avtalen mellom Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti som ble inngått i forbindelse med behandlingen av St.meld. nr. 40 (2002-2003). Disse medlemmer er imidlertid av den oppfatning at dersom det skal kunne åpnes for at en skal kunne velge en annen type tilnærming enn kommunale eller interkommunale råd for funksjonshemmede, så må dette bare gjøres i helt spesielle tilfeller og i forståelse med de funksjonshemmedes organisasjoner lokalt. Det er etter disse medlemmers mening også viktig at dersom en skal fravike prinsippet om kommunale eller interkommunale råd, så må dette underlegges en rimelig streng godkjenningssordning. Disse medlemmer ønsker ikke en sammenblanding av de nåværende eldreråd og kommunale eller interkommunale råd for funksjonshemmede. I tilfeller der de forskjellige rådene skal sammensettes og ikke minst i de forskjellige typer saker de skal avgi uttale i, kan det være tildels store forskjeller mellom disse interessegruppene. Disse medlemmer vil på denne bakgrunn stemme imot § 4 i lovforslaget.

Komiteen meiner at den tidlegare tilrådde samansetjinga med representasjon både frå politikarar, administrasjon og organisasjonane er den beste samansetjinga av rådet, men meiner at dette ikkje bør fastsetjast i lova, men avgjerast i den einskilde kom-

munen. Det er avgjerande at samansetjinga er med på å støtte opp om formålet med lova.

Komiteen stør departementet si vurdering av at den tidlegare tilrådde inndelinga i fem hovudgrupper ikkje lenger er formålstenleg som utgangspunkt for val av organisasjonsrepresentantar.

Komiteen stør departementet si vurdering av sekretariatsfunksjonen og er einig i at dette ikkje treng lovfestast.

Komiteen har merka seg at det vert tatt sikte på at kommunesektoren skal få kompensasjon for meirutgifter som følgje av lova, og er einig i at kompensasjonsbeløpet vert lagt inn i rammetilskotet til kommunane, slik det vert gjort for eldreråda.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité med unnatak av framlegget til § 4 som vert fremja av Arbeidarpartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet.

Komiteen viser til proposisjonen og merkningene og rår Odelstinget til å gjere slikt

vedtak til lov

om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.

§ 1.

Kommunane og fylkeskommunane skal sørje for at menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld mellom anna tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne.

§ 2.

Kommunane skal for det formålet som er nemnt i § 1, opprette råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

I kommunar der viktige oppgåver for menneske med nedsett funksjonsevne er lagde til kommunedelsutval, gjeld føresegnene i denne lova tilsvarande for desse.

§ 3.

Fleire kommunar kan vedta å opprette felles råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

§ 4.

Kommunane kan vedta å opprette felles råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre.

§ 5.

Der det blir oppretta råd som nemnt i §§ 2 til 4, skal saker som er nemnde i § 1, leggjast fram for rådet i god tid før dei skal avgjerast. Rådet kan også sjølv ta opp saker.

Fråsegna frå rådet skal liggje ved saksdokumenta til det kommunale organet som endeleg avgjer saka.

Første ledd gjeld tilsvarande for andre representasjonsordningar så langt det høver.

§ 6.

Kommunestyra vedtek mandat for og samansetjing av råda. Reglane om forholdstalsval i §§ 36 og 37 i kommunelova gjeld ikkje ved val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Leiaren og nestleiararen for rådet blir oppnemnde av kommunestyret. Tilsvarande gjeld for eventuelle andre representasjonsordningar. Oppnemninga av medlemmer skal gjelde for valperioden. Ved oppnemning av representantar for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen skal organisasjonane deira ha forslagsrett.

§ 7.

Kommunane skal sørgje for at dei administrative funksjonane for råda blir tekne vare på. Rådet har rett til å uttale seg før kommunestyret opprettar sekretariat, vedtek budsjett og gir utfyllande reglar for saksbehandlinga i rådet. Reglane om utval i kommunelova gjeld tilsvarande så langt ikkje anna går fram av denne lova. Rådet skal kvart år leggje fram ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret. Tilsvarande gjeld for eventuelle andre representasjonsordningar.

§ 8.

Føresegnene i §§ 2–7 gjeld tilsvarande for fylkeskommunane så langt dei høver.

§ 9.

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

§ 10.

Frå det tidspunktet lova tek til å gjelde, blir desse endringane i lov 8. november 1991 nr. 76 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd gjort gjeldande:

I kapittel I skal ny § 4 a lyde:

Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyra vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Elles gjeld reglane i denne lova og lov av ... om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

I kapittel II skal ny § 8 a lyde:

Fylkeskommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med funksjonshemmingar. Fylkestinga vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Elles gjeld reglane i denne lova og lov av ... om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

Oslo, i sosialkomiteen, den 2. juni 2005

John I. Alvheim

leiar

Per Steinar Osmundnes

ordfører